

Voss 11.12.2013



Frå Styret i Voss HPK

På vegne av styret : Morten Knapsta, Frode Fester og Einar Såkvitne

Angående avtale mellom Voss Hang og paragliderklubb og Myrkdalen Fjellheiser

Me har inngått ein ny avtale for flyging med paraglidar og speedriding i 2013 og evt. Vidare, viss Myrkdalen Fjellheiser er nøgde med oss.

Me har fått vidareført avtalen med Myrkdalen Fjellheiser. Som er verkeleg ein god avtale. Det vart sagt under møte att avtalen gjeld KUN flyging av paraglidar, speedflyer og speedrider.

Det vart påpekt frå Myrkdalen Fjellheiser at det har vert medlemmer som har fått kortet og nytta da til ski kjøring. Dette er strengt forbodet. Skal du stå på ski må du kjøpe kortet. Det er veldig viktig for at me får vidareført avtalen kvart år. Om me mistar denne avtalen er det på grunn av dette. Du har lov å stå på ski ned at om det ikkje er flyg bart. Men da er alt.

Avtalen gjelder kun **Voss hang og paragliderklubb** sine medlemmer og alle må vise lisens og medlemskort når dei skal fylla på kortet. Det vil bli sjekka om du har lisens for aktiviteten du vil gjera og du er medlem i klubben.

Avtalen er som følgjer om du skal fly paraglidar :

Du får eit heiskort med 4 turar opp med heisen. Om du bruker den opp kan du gå og fylla på kortet ein gang, Gratis ☺

Ved påfylling av kort må me prøva og gjera det når det ikkje er så stor pågang i billett luka. Dette for at me ikkje ønskjer å vera ein belastning for kapasiteten i anlegget.

Avtalen er som følgjer om du skal fly speedrider :

Du får heiskort om du skal berre ta noen få tura i Kari trekket (man-fredag.) Men om du skal vera der heile dagen og fly mange turar må du kjøpa heiskort.

Grunnen er at du vil brukar lika mykje av kapasiteten til anlegget som dei som skal stå på ski. I helgane vert det ikkje gitt gratis skikort til speedrider.

Avtalen er som følgjer om du skal halde kurs i anlegget :

Paragliderkurs vil kunna få gratis kort som avtalen er. Men dei må ha medlemsbevis til NLF og vera medlem i klubben. So meld kurset inn i god tid slik att alle har kortet.

v/speedriderkurs må alle deltakara kjøpe heiskort.

Instruktørar går gratis under kursing , der kursdeltakarar har kjøpt kort.

Instruktøren må då visa fram instruktør bevis og medlemskort for Voss HPK.



Rabatt :

Får og få rabatt på dags kort ved speedriding må me vera ei gruppa på minimum 10 personer som kjøper kort samtidig.

Dette gjelder kun ved flyging og ikkje visst me skal stå på ski.

Antall må meldast inn på førehand og det er ved samla kjøp.

Flyging i anlegget :

All landing skal vera utanfor preparert løype viss ikkje anna er avtalt med ski patrulje, då gjelder det kun den avtala perioden.

Bruk god sikkerheits avstand til heiser, utstyr i anlegget, løyper og folk.

Hjelp oss og sei i frå til dei det gjeld, eventuelt fagansvarlig i klubben viss du ser nokon som ikkje følgjer retnings linjene for flyging med paraglider, speedflyer og spidrider i anlegget.

Du er pliktig og opp gje namnet ditt viss ski patruljen spør etter det.

Når me tar heisen opp for og fly utan ski skall det vera eigen stol for dei utan ski.

Vis god airmanship.

Voss HPK oppmodar alle medlemmer som tar bilder i Voss Fjellandsby til å sende sine beste bilder til Voss Fjellandsby.

Bruk denne mail adressa : john.ivar@vossfjellandsby.no

Kontakt personer ved spørsmål angående avtalen.

Leiar i Voss HPK : Frode Fester tlf : 94279974

Mail : post@flyby-fester.n

Kontakt person for tilbakemelding angående flyging.

Fagansvarlig I Voss HPK : Øyvind Kindem tlf : 91586011

Mail : kindem@gmail.com